

Måleriutstilling der 20 av 29 motiv vart selde innan ein halv time.

30.03.2019



Ingvar Pettersen er godt nøgd med den store interessa for bileta hans. Her ved motivet frå Kvednavikjo i Uskedalen.

Det var stor tilstrøyming frå heile Kvinnherad til Ingvar Pettersen sin utstilling i Grendahuset i Bringedalsbygda. Av totalt 29 bilete vart 20 motiv selde innan ein halv time. Dette er imponerande når vi veit at det ikkje hadde vore visning før opninga kl. 14. Dei frammøtte kjenner kunstnaren og motiva hans frå mange utstillingar. Dei raude lappane kom såleis kjapt på plass.

Randi og Ingvar reiste til sjøs, gjekk i land og har i mange år med familien vore busette i Herøysundet. Den fyrste utstillingen hadde han så seint som i 1998. Etter den tid har de vorte mange utstillingar frå Lofoten i nord til Halsnøy Kloster i sør. Utstillingen i 2019 er truleg den siste, men Uskedalen.no er ikkje trygg på at det vert slik. Ingvar er ein populær og folkekjær kunstnar og markedet er tydelegvis ikkje metta for kva han skaper med sin kunst.



Pettersen syner fram vintermotiv av Ulvanoso.

Ingvar målar i olje og i akryl. Av 29 bilete er 8 motiv måla med olje, resten er i akryl. Motiva er stort sett henta frå Kvinnherad. Det er for det meste landskapsbilete. Det største bilete er likevel eit dyremotiv, ein kronhjort. Av andre dyr finn vi bilete med sauer og fjellryper på. To av motiva er kopi av dei store nasjonalromantiske målarane på 1800 talet. Det er Brenninger ved den Norsk kyst etter Gude (1982) og Solnedgang etter Morten Muller (1862).

Frå Uskedalen finn vi mellom anna nokre vintermotiv av Ulvanoso. Eit maritimt motiv er henta frå Kviteberghammaren i Kvednavikjo på Vodlen. Tre motiv er motiverte frå opphald på Hardangervidda. Rosendal med Baroniet og landskapet rundt er med på fleire bilete. Flest motiv er det likevel frå Herøysundet og Bringedalsbygda. Her finn vi mellom anna to motiv frå Stigen over Bergsheiane.

I morgon, søndag 31. mars mellom kl. 14 og 17, er det siste sjanse til å få sjå bileta til Ingvar Pettersen. Er du heldig, kan det enno vera nokre motiv som ikkje er selde.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det kom kjapt raude lappar på motiva frå Uskedalen og Omvikdalen.